

NVE, Konesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

03.september 2013

Merknader til høyring:

«Søknad om konsesjon for regulering for uttak av vann til Erko Settefisk A/S sitt settefisk anlegg (regnr. H/Sd 0029) i Sagvåg i Stord Kommune i Hordaland»

Sunnhordland museum har gjort seg kjend med planane Erko Settefisk A/S har i samband med uttak av vatn i Storavatnet i Sagvåg. Våre merknader blir knytt opp mot vårt fagområde.

Særskilt verneverdig område

Frå vedlagt kart og utfyllande kommentar i søknaden, forstår ein at traseen for det 60 cm store inntaksrøyrret skal førast på sørsida av elvemunningen til Storavatnet. I dette området er det fleire kulturminner som stadfester kor viktig dette vatnet har vore i samband med utviklinga av Sagvåg sentrum:

- Ei av dei eldste oppgangsgangane me kjenner til i Sunnhordland, - Valvatna saga, Fekk vatn frå Storavatnet og dei vassførande kanalane til denne er framleis synlege.
- Her ser me også tilførslekanalar til ei av dei få møllene i Sunnhordland, Mathisenmølla.
- I tillegg har her også vore eit elektrisitetsverk

Samstundes er me uroa for at klopper, bruer og kanalar kan verte skadde i samband med det eventuelt føreståande arbeidet.

Kart i større målestokk

Vedlagt kart er i svært liten målestokk. Underteikna etterlyser detaljert kart i større målestokk slik at den planlagde trassen kjem tydelegare fram.

Oppsummert

Slik me les vedlagte kart, er det planlagt, etter måten, store inngrep i eit spesielt verneverdig område som er rikt på kulturminner. Det er viktig at desse vert tekne vare på for komande generasjonar. Difor er Sunnhordland museum skeptisk til planane til Erko settefisk A/S, som vil sprenga seg gjennom desse.

Me ber om at me blir haldne orienterte i det vidare arbeidet. Ta kontakt om noko er uklart eller ein har andre relaterte spørsmål.

mh



Rune Eide

Dagleg leiar Sunnhordland Museum



Bjørn A. Lunde

Bygningsvernkonsulent (sakshansamar)